Grøntprodusentenes
Samarbeidsråd

Fruktprognose pr. 1. august 2021 frå Fruktlagerinspektøren

Vi går mot den beste sesongen i moderne tid. Hovudårsaka er svært gode vekstvilkår på Vestlandet i 2021

Tabellen viser samla fruktavling for 2020 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2021.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2021
Eple	7585	5254	5910	6754	7740	5205	7632	6877	7469	8302	6052	**9800**
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	359	**350**
Plommer	1039	922	818	1290	1143	1174	1165	1709	1527	1959	478	**2100**
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	365	**630**
Sum	9173	6726	7303	8652	9716	6872	9435	9192	10108	11038	7788	**12880***

*I tillegg vil marknaden ta imot ca.700-800 tonn frukt utanom fruktlagera.

Morellprognose 2021

Morellprognosen viser at avlinga kan verte ca 630 tonn i 2021, det er litt nedgang frå prognosen pr 1. juli. Årsak til nedgang på prognosen er storleik på morellene, dei held ikkje minstemålet. Avlinga er på same nivå som i 2018. **Pr 1. august er det levert 371 tonn.**

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Levert pr 01.08.21	Prognose 2021
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	365	**371**	**630**

Med veke 32 og 33 så er morellsesongen 2021 ferdig. Det er Lapins som er hovudsorten no.

Plommeprognose 2021

Det spesielle i år er at Vestlandet startar pakking av plommer denne veka (veke 31), det er 5 til 10 dagar før Austlandet.
Prognosen viser at me i år kan rekne med over 2000 tonn med plommer på landsbasis. Hovudtyngda vil kome i veke 33, 34, 35 dvs. i tidsrommet frå ca. 16. august til ca. 4. september med toppveka i veke 34.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2021
1039	922	818	1290	1143	1174	1165	1709	1527	1959	478	**2100**

Pæreprognose 2021

Pæreprognosen viser at det vert omlag same avling i år som i fjor.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2021
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	359	**350**

Epleprognose 2021

Epleprognosen syner at det truleg vert ei avling som er opp mot 10 000 tonn, det vil sei meir enn prognosen pr. 1. juli. Det er produsentane i Telefrukt som har auka prognosen med 400 tonn. Det ser ikkje ut som frostskadane gjer det stor utslaget. Det er verst for enkeltprodusentar. Det tek så lang tid å få produksjonen opp på same nivå for dei produsentane som er råka av frostskadane.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2021
7585	5254	5910	6754	7740	5205	7632	6877	7469	8302	6052	**9800**

Året 2021 ser ut til å bli ein av dei beste fruktsesongane nokonsinne. Eg siterer frå NRK sin reportasje frå Hardanger den 28. juli:
«Volummessig sett blir dette det beste året nokon sinne for Ullensvang Fruktlager sin del. Dette har samband med intensiv dyrking og god dyrkingsteknikk, god utnytting av areal og nydyrka felt som no slår til, seier Opedal.»

Lofthus 4. august 2021

Leif Øie
Fruktlagerinspektør
Tlf 97526282